



DEN NORSKE KYRKJA
Bømlo Sokneråd

Møtereferat

Bømlo Sokneråd

Sted:	Bømlo kyrkje	Dato: 25.01.23
Fremmøtte:	Trygve Totland, Elin Vold, Fríðleif Lydersen, Gorm Eidesvik, Einar Eidesvik, Øystein Skullerud og Nancy Helen Olsen	
Referent:	Nancy Helen Olsen	

Saksliste:

Sak 137 - 200 - 2023 - Godkjenning av saksliste og innkalling.

Innkalling og saksliste godkjent

Sak 138 - 201 - 2023 - Godkjenning av referat.

Referat godkjent

Sak 139 - 202 - 2020 - Soknerådvalg 2023

Elin har laga klar navneliste og me fordeler kandidatar oss imellom som me ringer og spør. Fint om me har oversikt klar til neste møte.

Sak 140-203-2023 - Valg 2023- Bispedømmeråd

Valg til hausten. Fridleif høyrer med dei andre sokneråda om dei har foreslått evt. kandidatar. Dersom, kan me henga oss på evt. forslag.

Sak 141-204-2023 - Årsmeldingar 2022

Årsmeldingane for 2022 skal gjerast klar å samlast inn i den nærmaste tida.

Sak 142 - 205 - 2023 - Rekneskap 2022, budsjett 2023

Elin/ Einar har kontroll her. Må få med ein evt. julekonsert i budsjett for 2023.

Sak 143 -206 - 2023 -Evaluering av vårt arbeid i 2022

Mykje oppussing/ oppgradering er gjort i kyrkja i 2022. Viktig at dette no vert ferdigstilt. Odd Ingvar og Andreas har oversikt over kva som er vedtatt med tanke på innredning i menighetssalen. Dei er på saka.

Det har vore lite interesse for TruD arrangement. Me ser og at det er små kull enkelte år. Det er komme forslag om å slå saman to og to kull for å kanskje få større interesse rundt desse arrangementa.

Me må vera flinke til å få opp plakatar eller varsle på sosiale medier om ting som skjer i kyrkja.

Sak 144- 207- 2023 - Kyrkjekaffi

Me planlegg kyrkjekaffi 12 Februar, 26 Mars, 21 Mai
Elin gir beskjed til Sissel Gåsland slik at ho får informasjon ut til konfirmantforeldrene.

Sak 145 -208- 2023 - Pynt i kyrkjene

Mail er sendt til soknerådsmedlemmene. Tek denne saka på neste møte.

Sak 146 -209 -2023 - Faste aksjon

Gorm har kontroll på dette.

Sak 147 -210 -2023 - Overflødige kyrkjebenker

Elin prøver å leggje dei ut på kjøpe - selge - Bømlo sida, då som gratis.

Sak 148 -211 -2023 - Eventuelt

Det er sett opp ein friluftsgudstjeneste 18/6, den vert flytta frå kl 11 til kl 16, i håp om betre oppsluttnad.

Me bør få til ein temakveld i kyrkja til hausten. Fint om nokon kjem med forslag på neste møte.